

# Møtereferat

## Politisk prosjektgruppe «politisk organisering»

<b>Møtedato:</b>	<b>21.01.2019</b>	<b>Møtestad:</b>	Møterom Anga, Førde rådhus
------------------	-------------------	------------------	----------------------------

<b>Møtt</b>	<b>Ikkje møtt</b>
Åsmund Berthelsen Norunn Lunde Furnes Kari Valle Håkon Myrvang Oddmund Klakegg Olve Grotle Kari Iren Birkeland Gunn Merete Paulsen Ole John Østenstad Malin Moldestad	Mathias Råheim

<b>Møteleiar:</b>	<b>Åsmund Berthelsen</b>	<b>Møtereferent:</b>	<b>Malin Moldestad</b>
-------------------	--------------------------	----------------------	------------------------

Sak nr.	Sakstittel, omtale og konklusjon	Ansvar	Frist
1	<b>Møtereferat 11.01.19</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Gjennomgått og godkjent</li> </ul>		
2	<b>Delegeringsreglementet</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Gjennomgang av utkast til saksutgreiing v/Ole John Østenstad</li> <li>Presisering i avsnitt om rapportering – gjeld i hovudsak rapportering om administrative vedtak</li> <li>Drøfting av forslag til delegering av mynde til ordføraren:               <p><i>Ordføraren har mynde til å gjere vedtak i hastesaker som er av vital interesse for kommunen eller private innanfor følgjande område: kjøp og sal av eigedom, mellombels vedtak om sal og skjenking av alkohol.</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Prosjektgruppa meiner det bør vere ei opning for at ordføraren kan treffe vedtak i hastesaker når det er heilt nødvendig, men er usikker på avgrensingane</li> </ul> </li> </ul>		

	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ <b>Konklusjon:</b> I reglementet skal det stå at «Ordføreren har mynde til å gjere vedtak i hastesaker med heimel i kommunelova § 11-8 første ledd»</li> <li>● Prosjektgruppa godkjenner elles forslaget til delegeringsreglement</li> </ul>		
3	<p><b>Arbeidsmåtar</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>● Åsmund Berthelsen sende ut eit nytt notat om arbeidsmåtar før møtet 21.01.19 <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Forslag om å innarbeide dette i reglementet for folkevalde organ eller handsame det som eigen sak</li> </ul> </li> <li>● Prosjektgruppa meiner det er viktig at dei folkevalde vert involvert tidleg i arbeidet med viktige saker</li> <li>● Forslag om ordning med saksordførar <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Prosjektgruppa er positive til å prøve saksordførarordning i ny kommune, men ordninga bør vere fleksibel. Det bør vere opp til det enkelte utvalet, og ikkje gjelde for alle saker</li> </ul> </li> <li>● Det må vere ei opning for å prøve ut nye arbeidsmåtar i ny kommune, t.d. saksordførar, politikardag/temadag, arbeidsgrupper, folkemøte</li> <li>● Nytt kommunestyre må vinne erfaring med ulike arbeidsmåtar <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Arbeidsmåtar bør vere eit sentralt tema i folkevaldopplæringa til hausten</li> </ul> </li> <li>● Prosjektleiaren skal lese gjennom notatet og tek det opp i prosjektgruppa «lokaldemokrati»</li> </ul>	OJØ	
4	<p><b>Reglement for folkevalde organ</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>● Reglement for dei folkevalde sin rett til innsyn er fjerna frå reglementet <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Overordna reglar for folkevalde organ sin utvida innsynsrett er regulert i ny kommunelov § 11-13</li> </ul> </li> <li>● Forslag om å utsette handsaminga av reglementa for råda <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Råda bør ha høve til å uttale seg om reglementa før handsaming i fellesnemnda</li> <li>○ Forslag til ny forskrift om råd for eldre, for personer med funksjonsnedsettelse og for ungdom er på høyring, og det er fordelaktig å vente til arbeidet med forskrifta er kome lenger slik at reglementa vert i samsvar med ny forskrift</li> </ul> </li> <li>● Prosjektgruppa godkjenner forslaget til reglement</li> </ul>		
5	<p><b>Eventuelt</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>● Møtet 28.01.19 går ut</li> <li>● Økonomireglementet vil gå innom prosjektgruppa før handsaming i fellesnemnda</li> </ul>		

*Eventuelle merknader til referatet må sendast til referenten innan 10 dagar etter utsending.*